



VESTNES KOMMUNE

Administrasjonssjefen

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
17.01.2011		484/2011	2011/8	Tone Roaldsnes 71 18 40 40

Lov om folkehelse - Uttale frå Vestnes formannskap

Vestnes kommune ved formannskapet har i dag gjort samrøystes vedtak om å sende følgjande høyringsuttale:

1. Vestnes formannskap er samd i at førebyggjande tiltak og tiltak for å fremme folkehelsa vil vere ei sentral oppgåve for kommunane i framtida. Dette vil vere ei utfordring både for den kommunale helsetenesta, men bør i tillegg gjennomsyre tenkinga i alle kommunale planverk og i heile tenesteytinga og på alle fagområde.
2. Vestnes formannskap vil påpeike at det må vere opp til kommunane sjølve å vurdere korleis lovkravet kan oppfyllest ut frå lokale forhold og prioriteringar. Det er difor viktig at fylkeskommunane si samordningsrolle ikkje overstyrer dette.
3. Vestnes formannskap ser med stor uro på påstandane i pkt 20.2 i høyringsnotatet: *Lovforslaget er i hovedsak en videreføring av kommunens ansvar, men med økt krav til systematikk, kunnskapsbaserte tiltak, prioritering og integrering av folkehelsehensyn inn i kommunens øvrige aktiviteter.....* **Økt krav til systematikk mv. vil ikke medføre økte kostnader for kommunen, men et mer effektivt folkehelsearbeid.**

Helseovervaking /statistikk eit stort og uoversiktleg område – og vil kreve store ressursar både på fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Behovet for felles opplegg og standardisering er stort – og det bør avklarast kva som skal registrerast, og av kven både nasjonalt, regionalt og lokalt.

For å forankre folkehelsearbeid i planar og i tiltak i tenestene krevst det kompetanseheving i dei ulike kommunale/fylkeskommunale verksemdene. Det stiller bl.a. krav om auka tverrfagleg samarbeid i kommunen, og samhandling mellom kommune, fylkeskommune og andre. Dette er kapasitets- og kompetansekreande.

Det er utfrå departementet sine påstandar såleis grunn til å frykte at regjeringa ikkje kjem til å følgje opp dei nye lovkrava med auka ressursar til kommunane.

Vestnes formannskap meiner at det vil vere behov for auka ressursar for å kunne ta grep og prioritere folkehelse i kommunane!

Med helsing

Tone Roaldsnes
administrasjonssjef